



# Ta vare på Nordfjord

Velkomen til Nordfjord, eit unikt reisemål med spektakulær natur og levande lokalsamfunn. Vi ønskjer å ta vare på denne vakre regionen, og håpar du vil følgje retningslinene nedanfor når du besøkjer oss.

## 1. Ikkje lat unødige spor etter deg i naturen

Bruk merkte stiar og unngå å setje opp telt på sårbare område. Bruk eksisterande bålplassar, ta med eigen ved, og følg bålforbodet frå 15. april til 15. september.

## 2. Vis respekt for dyr og plantar

Ta omsyn til dyrelivet, særleg under kalving og hekking. Hald god avstand til ville dyr, ha hunden i band, og lat sjeldne blomar få stå. Bærplukking er tillate i dei fleste område – sjekk lokale reglar.

## 3. Ta med søppel og bruk toalettfasilitetar

Ta alltid med deg alt søppel og unngå bruk av våtserviettar, då desse blir brotne sakte ned. Finn toalett der det er mogleg, og ta med brukt toalettpapir dersom fasilitetar manglar.

## 4. Bruk campingplassar

For å unngå skade på naturen, sett opp telt på tilrettelagde campingplassar med toalett og søppelfasilitetar.

## 5. Vis respekt for privat eigedom

Unngå ferdsel på private vegar og område utan løyve frå grunneigar. Lat grinder att etter deg for å hindre at husdyr kjem seg ut.

## 6. Bruk lokale guidar på turar

Nordfjord er vakkert, men naturen kan vere uforutsigbar. Lokale guidar sikrar trygg og minneverdig utforsking av fjell, isbrear og fjordar. Sjekk alltid vêrmeldinga på [www.yr.no](http://www.yr.no) før du legg ut på tur.

## 7. Vis omsyn

Vis respekt for andre turgåarar, lokalbefolkninga og naturen. Stillheita er ein del av opplevinga, og det er vanleg å helse på folk langs stiane.

## 8. Fjell- og skredtryggleik

Nordfjord har område med skredfare, særleg om vinteren. Planlegg turane godt, sjekk skredvarsel på [www.varsom.no](http://www.varsom.no), og ha alltid med ekstra klede og mat.

## 9. Veg- og trafikktryggleik

Vegane kan vere smale og svingete, så køyr forsiktig og hald deg på di side av vegen. Sjekk trafikkmeldingar på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) for oppdatert informasjon om vegforhold. Bruk refleksvest når du går langs vegen i mørkret.

## 10. Fotografering og dronar

Spør om løyve før du fotograferer menneske, og følg gjeldande reglar for dronar. Dronar kan forstyrre både dyreliv og lokalbefolkning.

**Vi bryr oss om Nordfjord – og håpar du gjer det same!**